

**Fra:** Hanne Alver Krum  
**Sendt:** 07.04.2017 08:34:46  
**Til:** Knut Harald Frøland  
**Kopi:**

**Emne:** Takstordninga for kollektivtransporten - Samnanger

**Vedlegg:** image001.jpg

Vi viser til politisk sak 19/2017, handsama av Fylkestinget i Hordaland 7. mars i år. I denne saka går det fram at Skyss no jobbar vidare med å implementere den nye takstsonestrukturen, og at ein i arbeidet med å fastsetje endelege sonegrenser vil søkje å setje sonegrensene der dette er naturleg, anten slik at fjord og sjø gir sonegrensa, eller med å sette grensene der det ikkje går veger. I tilfelle der ein ikkje har naturlege geografisk skile, vil sonegrensa bli plassert i område med låg trafikk og slik at ein ikkje splitter tettstader, skuleområde mv. Fylkestinget har vedteke det foreløpige kartet og Skyss tek utgangspunkt i dette i det vidare.

Vi ber om forståing for at Skyss ikkje har moglegheit til å gå i dialog med dei einskilde kommunane i Hordaland i dette arbeidet, og ein er førebels ikkje komen langt nok til at ein kan uttale seg om sonegrenser i einskildområde. Skyss vil hente inn synspunkt og lokalkunnskap etter kvart som dei endelege grensene skal setjast, og vil leggje opp til å komme attende med informasjon til kommunane når ein har ein detaljert plan.

Med vennleg helsing  
Hanne Alver Krum

Hanne Alver Krum  
Leiar - sals- og marknadsavdelinga

Skyss | Postboks 7900 | 5020 Bergen  
Mob.: (+47) 907 87 691 |

[skyss.no](http://skyss.no) | [www.facebook.com/skyss.no](http://www.facebook.com/skyss.no)

---

**Fra:** Knut Harald Frøland [mailto:Knut.Harald.Froland@samnanger.kommune.no]  
**Sendt:** 6. april 2017 13:27  
**Til:** Hanne Alver Krum <Hanne.Alver.Krum@skyss.no>  
**Emne:** Takstordninga for kollektivtransporten - Samnanger

Hei,

Ref. pågåande prosess kring reduksjon av takstsoner. Fint om du kan kontakte meg.

Med helsing  
Knut Harald Frøland  
Ordførar, Samnanger kommune  
56 58 74 10 / 40 63 30 80



**Samnanger kommune**  
*- der du vil leva og bu -*

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande epost vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.